



NVE

SALBU PRODUKSJON AS
c/o Øyvind Høie
Nedre Heggebøen 17
6953 LEIRVIK I SOGN

Vår dato: 13.11.2025

Vår ref.: 202514846-3 Oppgi ved kontakt

Dykkar ref.:

Høyring av regulering og vassuttak i Salbuelva i Hyllestad kommune, Vestland fylke

NVE har fått ein søknad frå Salbu Produksjon AS datert 04.07.2025, om løyve etter vassressurslova til å nytte vatn frå Salbuelva og regulering av Ramsgrøvatnet til produksjon av settefisk og til å fylle vatn på brønnbåtar. Søknaden blir no send på høyring med høyringsfrist 15.01.2026.

Kva blir det søkt om?

I 2020 fekk Salbu Produksjon AS vassdragskonsesjon for uttak av vatn frå Kvia i Salbuelva og til regulering av Ramsgrøvatnet. Salbu Produksjon rakk ikkje å komme i gang med anleggsarbeidet innan fristen sett av NVE, og løyvet er ikkje lenger gjeldande. Det vert no søkt på nytt om same regulering av Ramsgrøvatnet og same vassuttak frå Salbuelva. Inntaket er trekt noko lenger opp i Salbuelva, like oppstraums Kvifossen.

Salbu Produksjon AS søker om uttak av inntil 167 l/s vatn frå Salbuelva og regulering av Ramsgrøvatnet mellom kote 143,3 (LRV) og kote 145,0 (HRV), for å produsere 6000 tonn settefisk av laks og aure på industriområdet ved munningen til Salbuelva i Åfjorden. Dei ynskjer også å ta ut vatn til å fylle brønnbåtar når vassføringa i Salbuelva tillèt det. Søknaden med vedlegg er tilgjengeleg på NVE si nettside: www.nve.no/9726/v. Søknaden skal behandlast etter reglane i kapittel 3 i vassressurslova og gjeld løyve etter vassressurslova § 8.

Informasjon om saksbehandlinga finn du på NVE si nettside: www.nve.no/vann-og-vassdrag/vassdrag-og-grunnvannstiltak/konsesjon-til-vassdragstiltak/

Kva ønskjer vi fråsegn om?

NVE ønskjer å få inn synspunkt på planane som er presenterte i søknaden. NVE ønskjer konkrete synspunkt på om planane bør gjennomførast, ev. val av alternativ eller forslag til avgrensingar i planane. Vi ønskjer også grunngitte forslag til avbøtande tiltak som kan redusere eventuelle ulemper ved gjennomføringa av prosjektet. I tillegg ber vi om eventuelle kommentarar til om søknaden gir tilstrekkelege opplysningar om verknadene av tiltaket. Alle som har meiningar om saka, kan sende inn ei fråsegn.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 22 95 95 95, Internett:

www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971



NVE

Norges vassdrags-
og energidirektorat

Slik sender du inn høyringsfråsegn

Alle som har meiningar om saka, kan sende fråsegn på éin av følgjande måtar:

- via skjema for fråsegn, som de finn på nettsida i saka (www.nve.no/9726/v)
- via e-post til nve@nve.no (merk e-posten med «Høyringsfråsegn 202514846» i emnefeltet, og oppgi namn og organisasjonsnummer i innleiinga om du representerer ei verksemd)
- via brev til NVE, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO (merk brevet med «Høyringsfråsegn» og saksnummer 202514846, og oppgi namn og organisasjonsnummer i innleiinga om du representerer ei verksemd)

Frist for å sende fråsegn er **15.01.2026**.

Fråsegn eller delar av fråsegn vil bli refererte i saka. Er høyringsfråsegna lang, oppmodar NVE høyringspartane til sjølv å skrive ein kortfatta konklusjon eller samandrag. Høyringsfråsegnene er offentlege dokument, og sentrale saksdokument blir lagde ut på NVE sine nettsider.

Til kommunen

Vi ber Hyllestad kommune om å informere om saka på nettsidene sine og ev. sosiale medium.

Med helsing

Silje Aakre Solheim
seksjonssjef

Malin Solheim Høstmark
seniorrådgjevar

Dokumentet sendes uten underskrift. Det er godkjent i henhold til interne rutiner

Mottakarliste:

SALBU PRODUKSJON AS

Kopimottakarliste:

HYLLESTAD KOMMUNE
MILJØDIREKTORATET
Norges Miljøvernforbund
STATSFORVALTAREN I VESTLAND
FORUM FOR NATUR OG FRILUFTSLIV (FNF)
VESTLAND FYLKESKOMMUNE